

Tannklinikken i Balestrand er borte

Balestrand har no vore utan tannklinikk ei stund og det får store konsekvensar for alle, heile bygda. Det økonomiske er ei side, men og det menneskelege.

Er det sikkert at alle ser seg råd til å betale opptil kr 4000,- i taxi og so få tannlegerekninga på toppen?

Slik situasjonen er no, har vel fylket velta både kostnader og ansvar over på kommunen og den enkelte personleg.

I «Leve heile livet» blir det peika på verdien av god helse. I dag veit ein mykje om kva god tannhelse har å seia for generell helse.

For tannhelsetenesta går det på kvalitet i tenesta og ikkje minst at den er tilgjengeleg.

I dag veit vi det er ein større del av dei over 70 år som har eigne tenner. Vi veit og at vi blir fleire eldre etter kvart, som igjen vil skape større trøng for tannpleie.

Tannhelsa bør vera tilgjengeleg i distrikta og ikkje medføre unødig skulefråvær for elevar. I tillegg skal heller ikkje folket påførast auka kostnader ved at dei treng å ta fri frå jobb for å fylja sine nærmeste, eller at pasientar blir påført unødig lang tidsbruk på grunn av dårlig eller manglande offentleg kommunikasjon.

Dette er sosialøkonomisk ei svært dårlig løysing. Enkelt sagt, det må vere billegare å flytte på 1-2 pers 1/veke enn at folk køyrer fram og tilbake heile dagen, og med alt ubehag for mange.

I denne tida med eit grønt perspektiv er dette ikkje berekraftig.

Balestrand Pensjonistlag oppmodar om at det blir gjort ei grundig evalueringa av sentraliseringa av det offentlege tannhelsetilbodet, og kva konsekvensar det har.

Balestrand 26. jan. 2021

Anny Urtegård

-leiar-